



Sunnfjord kommune

postmottak@sunnfjord.kommune.no

Førde, 30.03.2022

Dette brevet er sendt av Forum for natur og friluftsliv (FNF) på vegne av våre omsluttede organisasjonar: DNT Sogn og Fjordane Turlag, Fjordane Friluftsråd, Forbundet Kysten ved Kystlaget Hornelen, Fortidsminneforeningen avd. Sogn og Fjordane, Gloppen Padleklubb, Klatreklubbane ved Sogndal klatreklubb, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane, Birdlife Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane krets av Norges Speiderforbund, Sogndal dykkarklubb, Sognefjorden Vel

Planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2023–2034

Fråsegn frå FNF Sogn og Fjordane

Vi ser positivt på planprogrammet for Sunnfjord kommune sin arealdel. Det blir lagt stor vekt på å stille riktige spørsmål som kor det skal vere grøntområde? Korleis skal vi best mogeleg ta vare på natur og landbruksområde i kommunen? Korleis skal vi transportere oss mest mogeleg effektivt og miljøvenleg? Og korleis kan arealbruken i kommunen bidra til å nå FN sine berekraftsmål? Det er bra å ha fokus på å nå berekraftsmåla og vi er spesielt glad for at Sunnfjord kommune ser på å innføre eit arealregnskap for effektiv arealdisponering i forbindelse med arealplanen.

Vi står oppe i ei klimakrise², der utslepp av klimagassar må drastisk ned. Samstundes står vi midt i ei naturkrise³, der den største trusselen mot intakt natur, robuste økosystem og tap av biologisk mangfald er nettopp tap av leveområde, altså endringar av areal. Derfor er det spesielt viktig at ein tar riktige og nødvendige omsyn når ein no planleggjar ny arealdel for Sunnfjord kommune for dei neste 10 åra.

FNF støtter kommunen sitt forslag om å innføre eit arealregnskap for effektiv arealdisponering i forbindelse med arealplanen, med sikte på å bli klima- og arealnøytrale. For å oppnå berekraftig arealbruk og følge opp FNs berekraftsmål. Dette bør inkludere å kartlegge sårbar natur og helst(!) undersøke historisk utvikling for bestemte naturtypar i kommunen; for eksempel er det typisk er at elveosar og øyar ofte har blitt nedbygd og gjort om til industriområder rundt større byer og tettsteder. Kva kan då komunen vidare gjere for då å unngå framtidig nedbygging av våtmark?



Samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar
sognogfjordane@fnf-nett.no | Hafstadvegen 34, 6800 Førde | 481 32 684
 organisasjonsnummer 912 265 722 | www.fnf-nett.no/sogn-og-fjordane

Å fokusere utbygging i vekstsonar og minimere disposisjonar for spreidd bebygging er også eit forslag vi ser positivt på, ettersom mykje natur går tapt i summen av mange små inngrep og utbyggingar. Eit inngrep kan sjå ubetydeleg ut når man vedtar en arealplan, men summen over tid gir stor effekt.

Vi kjem her med nokre fleire konkrete arealinspel:

Arealbruken i kommunen må vere i tråd med behova for klimatilpassing, herunder verdien av for eksempel myrområde for flaumdemping, skog for å minske rasfare.

Foreslår at ein går igjennom og tek ut gamle reguleringar som ikkje er utbygde, der dei strider med samfunnsdelen sine føringar om klima- og arealnøytralitet. Reguleringane bør gjennomgåast uavhengig av om dei er eldre enn 10 år. Kommunen har ei lovplikt til å gjennomgå og oppdatere kunnskapsgrunnlag for dei som er eldre enn 10 år, men det bør uansett i rulleringa av kommuneplanen sjåast nøye på all ny planlagt arealbruk. Vi ynskjer også særleg ettersyn med reguleringar som strir med prinsippet om jordvern.

Villreinen i Sunnfjord er under stadig auka press, og vi vil anbefale at det blir tatt særleg omsyn til at det ikkje blir lagt til rette for nye inngrep i villreinområda i Sunnfjord. Dette gjeld òg inngrep som til dømes tur/skogsvegar.

Vi vil også foreslå at ein regulerer ttraktive områder i kommunen til mikrohus, eit aukande buform særleg blant unge, med lavt klima- og naturavtrykk. Slike bustadar kan settast opp utan permanente terrenginngrep.

Areal regulert til sjødeponi i Førdefjorden må fjernast, i tråd med samstemt innstilling frå Sunnfjord kommunestyre om full utnytting av alle restmassar for å unngå sjødeponi, samt Vestland fylke sin regionale plan for innovasjon og næringsutvikling, som gjev tydelege bindingar på kommunen si arealplanlegging. Her står det "Arbeide for ein sirkulær gruveindustri, der alle ressursar og avfallsstraumar skal takast hand om.". Dette punktet vart vedteke nær samrøystes, med støtte frå alle parti utanom FrP, og å vidareføre Førdefjorden som deponi for gruveavfall vil vere i motstrid med føringane.

Det er sendt melding til NVE om vindkraftverk i kommunen. Arealet dekker store delar av både Sunnfjord- og Høyanger kommune, og vil, dersom planane skulle realiserast, verte det største anlegget i Noreg. Det er berre gjennom ein inkluderande og open prosess der alle partar, naboar, interessentar og organisasjonar kan bidra med sine innspel at det er mogleg å avgjere om det er aksept for eit slikt anlegg. Vi legg difor til grunn at avsetting av areal til vindkraft må skje i ein open prosess gjennom kommuneplanen sin arealdel. Å presse gjennom omfattande anlegg som dispensasjonssaker har generert mykje konflikt og dårlege prosessar i andre kommunar. Føringane frå samfunnsdelen vektlegg arealnøytralitet og taler for å ikkje sette av areal til vindkraft. Det er store natur og friluftsiinteresser i området, og betydeleg verdiskaping i berekraftige naturbaserte næringar der. Vi kan difor ikkje sjå at å sette av areal til vindkraft i Sunnfjord kommune vil representere berekraftig bruk av fjellområda.

Dei siste åra har ein også fått meir fokus på restaurering av natur. Ein burde, som del av kartlegging av sårbar natur, sjå på moglegheiter for å restaurere viktige naturtypar som myr, skog og våtmarker der dei har vorte øydelagt eller forstyrta. Dette må forvaltast riktig for å få tilbake same verdi på naturen som før utbygging.

I Norge er det kommunen som i hovudsak forvaltar våre areal. Kommunepolitikarar har derfor eit enormt ansvar for at vi følgjer internasjonale konvensjonar og ikkje legg opp til tap av biologisk mangfald og tap av intakt natur og leveområde. Planprogrammet er ein viktig del av dette arbeidet og vi takkar for moglegheita til å få gje innspel og ser fram til å kome med ytterlegare innspel i den vidare planprosessen.

Venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Ket Fossen

Ket Fossen
Koordinator
FNF Sogn og Fjordane

-
- 1 Artsdatabanken: <https://artsdatabanken.no/rodlisteforarter2021/Resultater/Pavirkningsfaktorer>
 - 2 FN-sambandet: <https://www.fn.no/tema/klima-og-miljoe/klimaendringer>
 - 3 FN-sambandet: <https://www.fn.no/nyheter/fns-naturpanel-menneskelig-aktivitet-truer-eksistensen-til-en-million-arter>